



Granit Radøy AS
Vetåsvegen 181
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14494 - 20/66149

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2020

Trong for tilleggsdokumentasjon - Støy ved industriområdet Mangerøy Kjevogen

Alver kommune har mottatt tilbakemelding på vår førespurnad i høve til støy frå aktivitetar ved industriområdet Mangerøy, Kjevogen. (Ref. 20/14494 – JP 20/55742).

Ut i frå dykkar tilbakemelding ynskjer vi meir informasjon.

I svar frå dykkar verksemda står det fylgjande:

1. Tilkopling til landstaum er gjort i løpet av nokre timar.

Frå Bergen havn har vi fått opplyst at dei fleste fartøy burde koplast seg på landstraum i løpet av ca. 30 min.

Spørsmål: Kva er årsak til at det tek nokre timar for å kople til landstaum?

2. Før båten skal gå frå kai, vil det vere ein periode på nokre dagar der dei køyrer i gang motorar.

Opplysning frå Bergen havn; estimert vil ca. 30 - 60 min som oftast vere nok tid.

Spørsmål: Kva er årsak/grunnlag for at båtar som skal gå frå kai må ha motor i gang i nokre dagar?

3. Kapasitet på landstraum er på 800 kWt som er nok til to større fartøy samtidig eller fire mindre fartøy. I 2020 var det 4 fartøy innom kaien.

Spørsmål:

- Kor mange fartøy var innom samstundes?
- Hadde verksemda nok landstraum til dei fartøy som lå til kai?
- Kor lenge ligg/lå fartøy til kai (dagar)?

Kommunen tar utgangspunkt i planen og kravet til landstrøm, samt forutsetningane for drifta som er gitt i støyrapporten frå 2015.

I 2015 utførte Sweco ei støyfagleg vurdering, der fylgjande aktivitet er lagt til grunn:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

«Skip vil liggja til kai for utskipping av ferdige konstruksjonar ca. 1 – 2 gonger per måned. Kvart anløp varar i 12 – 24 timar».

I klage til Alver kommune vert det opplyst om meir aktivitet og lengre anløpstider enn det Sweco har lagt inn i sine berekningar.

Ut i frå den informasjonen vi har fått kan vi ikkje ta endeleg stilling til om drifta er i tråd med plan. Vi ber om ei ytterligare utgreiing frå dykk for å kunne konkludere om drifta er i tråd med reguleringsplanen.

Ved auke i aktivitet (meir enn grunnlaget frå 2015), må verksemda utføre ei ny støyfagleg vurdering/støykartlegging. Verksemda må vise til at støytillhøva ved bustader i nærleiken ikkje overskrider grenseverdiane for inne- og utemiljø, jf. *Miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*.

Dersom dykk ikkje tilstrekkelig kan dokumentere at drifta er i tråd med plan, vil vi varsle at kommunen pålegg dykk å dokumentere støy med den drifta som har vært siste år.

Alver kommune v/Miljø og tilsyn ber om tilbakemelding innan tre veker, seinast 11.11.2020.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Granit Radøy AS

Vetåsvegen 181

5938

SÆBØVÅGEN